



Frå premieutdelinga i fjor. Også i år vert det flotte premiar.

I morgon kveld er det klart for Telenorrennet i Fjellhaugen skisenter. Uskedal idrettslag er arrangør, og rennet inngår i eit samarbeidsprosjekt som Norges Skiforbund har med Telenor. I forkant av dette rennet vert det barnerenn kl.18.00 med påmelding frå kl.17.30. Telenorrennet er eit sprintrenn i fristil.

I fjor vart Telenorrennet ein skikkeleg suksess. Det starta med prolog for alle deltakarane i løypa på 800 meter. Resultata frå prologen tel som karusellrenn. Dei som er 8, 9 og 10 år samt trimklassen, skal berre gå prolog. Dei som er 11 år og eldre går vidare til mellomheat og kvalifisering til superfinalane.

I superfinalane vart det svært underhaldande og spennande i fjor. Fleire årsklassar gjekk saman, og det var eit handicapsystem etter alder og prologtider. Dermed vart det duellar mellom gode vaksne og yngre løparar. Svært kjekt og spennande!

Det vart delt ut svært flotte premiar, og dette vert følgt opp i år med fine premiar frå Telenor. Det ligg til rette for ei flott kveldsstund i Fjellhaugen i morgon kveld. Arrangørane fyrer opp i bålpanna, så dei som ønskjer det kan ta med pølser og liknande.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kari Bråtun